



SAKSHANDSAMAR  
Line Bårdseng  
Eva Walderhaug

VÅR DATO  
14.01.2021

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.  
20/09530-9

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Bremanger kommune  
Postboks 104  
6721 SVELGEN

## **Avgrensa høyring av planframlegg for reguleringsplan etter tilleggsutgreiingar for steinbrot på Aksla, Bremanger kommune - Riksantikvaren opprettheld motsegna**

Riksantikvaren syner til oversending av ovannemnde sak frå Bremanger kommune dagsett 27.11.2020. Riksantikvaren reiste motsegn til føreslegen reguleringsplan for steinbrot på Aksla i brev av 10.9.2020. Direktoratet syner og til brev av 1.10.2020 frå kommunen og tilsvar frå Riksantikvaren 7.10.2020 som handlar om behov for konkretisering av motsegna og eit møte om dette. Saka blei sendt ut på avgrensa høyring før Riksantikvaren fekk svar frå kommunen som kom i brev av 8.1.2021.

### **Saka**

Føreslegne reguleringsplan for steinbrot på Aksla er behandla på nytt i Bremanger formannskap den 12.11.20, etter andre gongs høyring. Det er gjort nye utgreiingar til planen, som kommunen meiner svarar på fleire forhold i motsegner til planen. Det er difor vedteke ei avgrensa høyring.

Det er ikkje gjort endringar i plankart og føresegner, men det er gjort revisjon av planomtale, hydrologinotat og KU. Vidare er det utarbeidd vassmiljørappport for Skorabovatnet og synleggjort alternativvurdering kring val av utskipingsstad. Det gjeld utskipingskai mot nord og fem ulike alternativ for det same mot sør. Vurderingane av alternativa som no er grunngjeve, er at utskiping mot Dyrstad og Nordgulen ikkje er praktisk gjennomførlege alternativ. Konklusjonen om at utskipingskai må etablerast ved Frøysjøen står ved lag.

### **Riksantikvaren sine merknadar**

Riksantikvaren si motsegn dreier seg om at landskapet i Frøysjøen med helleristingane i Vingen og andre kulturminne er av nasjonal og internasjonal verdi. Kulturmiljøet syner korleis folk frå steinalder fram til vår tid har tilpassa seg naturgrunnlag, naturressursar og sjøvegen som transportåre. Det finst svært få område av denne typen i Noreg, det same gjeld utanfor Noregs grenser. Riksantikvaren vurderer difor at Aksla steinbrot, og særskilt utskipingskai i Frøysjøen, ikkje er akseptabelt for landskapet og kulturmiljøet i Vingen. Steinbrotet og utskipingskaia vil endre landskapet på ein markant måte. I motsegna skreiv vi vidare at landskapet og kulturminna, med dei verdiane dette har for kunnskap og opplevingar, bør bevarast.

Jamfør Riksantikvaren si motsegn har tiltakshavar gjort greie for dei val som er tekne. Dei har også omtala punkta frå direktoratet si motsegn. Riksantikvaren har vurdert desse, og tek dei til vitande. Når det gjeld utskipingskai er konklusjonen frå tiltakshavar at Frøysjøen står ved lag. Det betyr etter vår vurdering at situasjonen ikkje har endra seg. Den samla negative verknaden på kulturminne og landskap er etter Riksantikvaren si vurdering ikkje endra eller forbetra.

### **Konklusjon**

Tilleggsutgreiingane gjev meir bakgrunn for dei val som er gjort i planen, men dei er ikkje av ein slik karakter at dei har verknad på Riksantikvaren si motsegn. Riksantikvaren opprettheld motsegna til føreslegne reguleringsplan for steinbrot på Aksla.

Er det behov for eit møte om saka er Riksantikvaren klar for det.

Beste helsing

Elisabeth Dale (e.f.)  
Avdelingsdirektør

Leidulf Mydland  
Seksjonssjef

**Brevet er elektronisk godkjend**

Kopi til: Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN